

Oslo, 18.4.2011

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Høyringsfråsegn frå Noregs Mållag til NOU 2010:14

Noregs Mållag har gått gjennom NOU 2010:14, og vi er særleg opptekne av kva ei endring i mediestøtta kan få å seie for bruken av nynorsk i media.

Manglande vurdering av språkpolitiske mål for mediepolitikken

Utgreiinga refererer fleire stader til språkpolitiske mål for mediepolitikken.

I kapittel 3.1 refererer utgreiinga til dagens overordna mål for mediepolitikken, slik dei er definert i St.prp. nr. 1. Mellom desse måla er òg språkpolitiske mål:

Regjeringen vil stimulere til mangfold og kvalitet i norske medier. Dette er nødvendig for at mediene skal kunne tilby troverdig informasjon som ivaretar behovene til alle grupper i vårt samfunn. Norskprodusert innhold som reflekterer norsk språk, <...> er viktig i denne sammenhengen.^{1 2}

I kapittel 3.2 syner utgreiinga korleis språkpolitiske mål har vore ei viktig årsak til dagens overordna mediepolitikk³. Dette ser ein òg att i kapittel 3.6 (punkt 1)

I kapittel 4.4 syner utgreiinga korleis språkpolitiske mål, "et ønske om å beskytte norsk språk", var ein sentral grunn til at trykte publikasjonar (aviser, bøker og utvalde tidsskrift) fekk fritak frå meirverdiavgift.

Utgreiinga har likevel ikkje noka vurdering av korleis noverande eller nye rammer for mediestøtte (fremja i utgreiinga) sikrar språkpolitiske mål for mediepolitikken.

Noregs Mållag meiner at konsekvensar for norsk språk må takast med når departementet no skal lage ei heilskapleg vurdering av korleis økonomiske verkemiddel skal brukast på medieområdet, med tanke på å nå språkpolitiske mål. Det trengs difor ei tilleggsutgreiing for å få fram moglege språkpolitiske verknader av dei framlegga utvalet har lagt fram. Mellom anna bør det vurderast korleis omfordelingsalternativet og andre støtteordningar kan slå ut for ulike aviser etter redaksjonell målform.

Språkpolitiske mål for mediepolitikk og mediestøtte i framtida

Noregs Mållag meiner at norsk mediepolitikk må ha som eit av fleire mål å ivareta og styrke norsk språk, og at ordningar for mediestøtte må spegle dette. I tråd med

¹ NOU 2010:14, kap. 3.1, s. 18

² St.prp. nr. 1 (2010–2011), Kulturdepartementet, Kap. 1.2.2, s. 16

³ Kap. 3.2.1, s. 20 (sitat frå NOU 1983:3, side 46), kap. 3.2.2, s. 21 (sitat frå St.meld. nr. 32 (1992–1993), s. 13), kap. 3.2.3, s. 22 (sitat frå St.meld. nr. 57 (2000–2001), punkt 3.2)

gjeldande språkpolitikk, som stadfesta i Stortinget si handsaming av Stortingsmelding 35 (2007–2008) *Mål og mening*, må omsynet til nynorsk sikrast.⁴

Ein nynorskpott i mediestøtta

Noregs Mållag vil at departementet i si oppfølging av utgreiinga særleg ser på framlegget frå Nynorsk kultursentrum om ein eigen nynorskpott som svarar til 25% av den samla pressestøtta.⁵

Særleg om riksdekkjande aviser som forbyr nynorsk på redaksjonell plass

Noregs Mållag har tidlegare peika på korleis momsfrirket i nokre tilfelle fungerer som eit indirekte statstilskot til språdiskriminering. Dette gjeld særleg riksdekkjande aviser som forbyr nynorsk på redaksjonell plass.

Noregs Mållag ønskjer at det vert vurdert om riksdekkande aviser som ikkje har eit eksplisitt språkpolitisk definert føremål, bør miste momsfrirket dersom dei handhevar eit forbod mot å bruke eit av dei to offisielle norske målformene på redaksjonell plass.⁶

Oslo, 18. april 2011

Håvard B. Øvregård /s/
Leiar, Noregs Mållag

⁴ "Prinsippet nynorsk", St.meld. 35 (2007–2008), kap. 5.7.4

⁵ Som nemnt i Nynorsk kultursentrum si høyringsfråsegn til NOU 2010:14 (25. Mars 2011), og i "Med språket som innsats. Årstale nr. 10 om tilstanden for nynorsk skriftkultur." (Direktør Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum, 22. September 2010)

⁶ Meir om Noregs Mållag sitt syn på dette her: <http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10197.10201.10443&id=2865>